

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 43.

Fylke: Møre &amp; R.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Haram.

Emne: Ting til lægedom og vern m.v. Bygdelag: Skuløy.

Oppskr. av: Karl Røgne.

Gard: Røgne.

(adresse): Lengva, Skuløy.

G.nr. 7 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eige vitende.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Fraa og med sp. 1 til og med sp. 13 veit eg ingen ting um. Heller ikkje hev eg høyrt gjete slike verne eller lækjeraader.

14. Eg hugsar ein mann som hadde øyreringar. Han døydde før ei 45-50 aar sidan.

15. Øyreringane var runde og slette utan Stein. Metallet var raudgult umlag same leten som paa gull. Um det var gull, torer eg ikkje segja. Gjenom nedste øyresnippet var sett hol med syl, og gjennom dette vart fyrst sett ein blyring til det var grodt kring holet. Sidan vart blyringen orteken og den andre som skulde vera der, vart innsett. Det var visst ikkje nok med kven som stakk holet.

16. Det var ringar i baae øyre.

17. Ringane skulde hindra vatsflog i augo.

18. Grunnen var den same for kvinner og.

20. Eg hev høyrt gjete at raa potetor og kastekastanjene-neter skal vera gode raader mot gikt hjaa gamle folk. Desse ting kunde ein bera i ei lumma eller festa dei til underklædi.

21. Til aatgjerder mot "brikst" laga ein "kunnig" kar -

kanskje ei "kunnig" kvinna og ein "briksttraad", dei kalla. Det var ein kvit ulltraad som den "kunnige" stakk i munnen og mulla og las noko for seg sjølv. Daa var traaden ferdig og kunde leggjast linnt kring den laake leden.

Naar ein datt eller for eileis, so ein led vart vikla litt, heitte det, ein hadde brikst seg.